

## Referat frå styremøte nr. 3-2024

**Dato:** 15.04.2024

**Tid:** kl. 10.00-10.40

**Stad:** Teams

### Til stades frå styret:

Styreleiar Vebjørn Krogsæter (ordfører i Haram kommune)

Styremedlem Terese Jemtegård Moen (ordfører i Fjord kommune) *f.o.m. kl. 10.05*

Styremedlem Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)

Styremedlem Håkon Lykkebø Strand (ordfører i Ålesund kommune)

1. vara Lena Landsverk Sande (varaordfører i Vanylven kommune)

### Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Austnes

### Forfall:

Styremedlem Kenneth Langvatn (ordfører i Giske kommune)

Styremedlem Ann-Kathrin Storøy (ordfører i Herøy kommune)

Styremedlem Monica Molvær (varaordfører i Ålesund kommune)

### Referent:

Vegard Austnes

**Sak 25/24: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt**

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Styremedlem Kenneth Langvatn hadde ein merknad til innkallinga sendt pr. e-post 12.04.24:

«Eg er på reise og har ikkje høve til å ta del i møtet.

Eg meiner det tenderer til uansvarleg å behandle så eksistensielle saker i eit møte som dette, på teams og med så kort innkalling.

Eg motset meg ikkje at møtet gjennomførast, men under godkjenning av innkalling kan dette godt kome fram og protokollerast.»

Innkallinga vart godkjend. Det var ingen saker til eventuelt. Styremedlem Terese Jemtegård Moen melde sak om Muritunet til neste styremøte.

**Sak 26/24: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 2-24**

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Referatet frå styremøte nr. 2-24 vart godkjend.

**Sak 27/24: Omorganisering av Sunnmøre regionråd**

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Bakgrunnen for saka går fram av sak 22/24 på styremøte nr. 2-2024, samt notat frå administrasjonen til styret om omorganisering av Sunnmøre regionråd.

Styreleiar viste til at bakgrunnen for saka er vedtak om reduksjon i Ålesund kommune. Han peika på at saka er vanskeleg og må fremmast for representantskapet. Styreleiar var usikker på om styret burde kome med ei innstilling til representantskapet no. Han begrunna dette med at administrasjonen som skriv saka er berørt av eventuell omorganisering, at styret har tid då ein er bunden av det som gjeld for i år, og at det er val av styre førstkomande fredag (19. april).

Styremedlem Terese Jemtegård Moen sa at regionrådet må leite etter forma i høve til arbeidsoppgåver.

Styreleiar viste til at medlemskommunane må oppleve Sunnmøre regionråd som tenleg. Han sa at i ytterste konsekvens kan dette bety at ein ikkje skal ha eit regionråd.

Styremedlem Håkon Lykkebø Strand meinte at administrasjonen si innstilling kunne leggest fram for representantskapet. Han understreka at premisset for debatten ikkje er at Ålesund kommune ønskjer å legge ned regionrådet, men at debatten må handle om korleis regionrådet skal vere i framtida.

Styreleiar fremja følgjande forslag som vart vedteke:

Vedtak:

Styret viser til notat frå administrasjonen om omorganisering av Sunnmøre regionråd. Styret legg fram notatet for representantskapet utan innstilling, og ber representantskapet drøfte saka. Styret ber vidare om at representantskapet sender saka tilbake til styret, og at styret fremmer sak med innstilling til representantskapet i oktober.